

# Vanlege norske sommarfuglar

Tekst og foto: Ove Bergersen

## Svalestjert

### Utsjånad

Bleikgul grunnfarge med svarte ribbeteikningar. Blått band på nedre del av bakvengen med raud augeflekk. Bakvengen endar i ein tydelig stjert.

**Vengespenn** 72 -90 mm.

### Lokalitet

Fuktig myr og grasenger nær vatn og skog, ofte langs skogsvegar. Finst òg på turrare område nær kysten, ofte på syrintre i hagar.



## Sitronsommarfugl

### Utsjånad

Sit alltid med vengene slått saman forma som eit blad. Hoa er bleik grønkvit, hannen sitrongul. Begge har oransje midtflekkar.

**Vengespenn** 55-60 mm.

### Lokalitet

Flyr både i lauv- og barskog om våren. På seinsommaren finn ein dei ofte på dyrka mark.



## Rapssommarfugl

### Utsjånad

På oversida er vengene kvitaktige med grå skjel og gulaktigt skjær. Hoene har mørkare teikninger enn hannane. Dei har òg ein ekstra svart flekk på framvengen. Undersida av bakvengene er trekt opp med grøne stripers.

**Vengespenn** 37-47 mm.

### Lokalitet

Hagar, fuktige enger og grøfter, skog og vegkant.



## Dagpåfuglauge

### Utsjånad

Fire store augeflekkar på vengene. Dei er plasserte på raudbrun bakgrunn, som òg har nyansar av blått, svart, kvitt, og gult.

Undersida er nesten svart.

**Vengespenn** 52-63 mm.

### Lokalitet

Marker, enger og hager, vegkantar og skogrydningars.



## Neslesommarfugl


### Utsjånad

Oransje og svart med ei rad av blå halvmåneforma flekkar rundt kantane på både fram- og bakvengene. Kvitt merke øvst på kvar framvenge. På undersida er bakvengene mørke.

**Vengespenn** 35-52 mm.

### Lokalitet

Hagar, åker, eng og opningar i skogen.



## **Admiral**

### **Utsjånad**

Knallraude band tvers over framvengene, som på oversida er svarte med kvite flekkar. Bakvengene har raudoransje band langs kantane. På undersida har vengene eit spraglete mønster av svart, brunt og blått.

**Vengespenn** 52-62 mm.

### **Lokalitet**

Marker, enger, frukthagar og i blomsterrike område.



## **Vanleg blåvenge**

### **Utsjånad**

Hannen og hoa er ulike. Hannen har lyseblå venger. Hoa har blå og brune venger med ei rad av oransje flekkar langs kantane. Begge kjønn har kvit rand rundt vengene og lysebrun og prikkete underside.

**Vengespenn** 21-33 mm.

### **Lokalitet**

Blomsterrike enger og bakkar.



## **Oransjegullvenge**

### **Utsjånad**

Hannen har einsfarga, gyllenraude venger med mørk bord langs kantane. Hoa har oransje framvenger med eit sterkt innslag av svarte flekkar og mørke bakvenger med eit oransje, breidt band. Grågul underside hos begge kjønn.

**Vengespenn** opp til 34 mm.

### **Lokalitet**

Blomsterenger og langs vegkantar.



## **Grønvenge**

### **Utsjånad**

Brun overside. På undersida har vengene ein skinande grønfarge. Det går ei rad med kvite flekkar nedover undersida.

**Vengespenn** 20-26 mm.

### **Lokalitet**

Buskvegetasjon, opne skogsområde langs stiar, myr og llyngheder.



## **Aglajaperlemorvenge**

### **Utsjånad**

Oransjebrun overside med svarte strekar og flekkar. Undersida har ovale perlemorflekkar på grøn botn.

**Vengespenn** 40-60 mm.

### **Lokalitet**

Opne stader i skogen, langs landevegar, på heier og setervollar i fjellet.



## **Fløyelringvenge**

### **Utsjånad**

Mørkebrun overside med oransje kantband med svarte flekkar. Undersida mørk med tre augeringar og ei kvit stripe. Kvitt kant på nyklekka eksemplar.

**Vengespenn** 40-50 mm.

### **Lokalitet**

Ope terregng, helst i skogstrakter med bartre.

